

Kjempestort underskot i Rogaland Nei til EU 2022

Me har gjort ein skikkeleg brølar i det økonomiske arbeidet. Resultat: eit kjempeunderskot i 2022. Kor alvorleg det var, gjekk opp for oss då me 10. februar fekk eit innbetalingskrav på vel 80 000 kroner i staden for den forventa kontingentinntekta for 2.-4. kvartal.

Me burde ha vore førebudde, då me 24. november fekk melding om at sms-ar me hadde sendt ut gjennom medlemsarkivet (*hypersys*) hadde kosta 112 000 kroner(!) Rekninga har me enno ikkje fått.

Hypersys har eit system der ein kan senda sms til alle medlemmer. Dei er ikkje gratis. Prisen varierer etter tal teikn i sms-en. Det visste me ikkje — det veit me no.

Me visste det ville bli eit stort underskot i år. Med denne brølar på toppen, blei underskotet gigantisk: **kr 175 383**.

Underskotet må dekkast ved å betala frå beredskapsfondet. Det er ikkje bra. Fondet trengst for å møta ein ny folkeavstemning — den dagen den kjem.

Anna som bidrog til underskotet i år:

- Unødvendige utgifter (i tillegg til sms-rekninga): påmelding til konferansen EnergiRike, som kvart år pågår samtidig med Motvind-festivalen i Haugesund — kr. 12 250.
- Høg aktivitet gjennom heile året.
- Generell prisstigning, også på flyreisar og hotellovernattingar (på slutten av året reduserte me slike utgifter ved å finna billegare reisemåtar og overnattingsmuligheter).
- Lågare kontingentinntekter i 2022 enn året før, trass i at medlemstalet faktisk auka.

Det er viktig å halda høg aktivitet. Det er den einaste grunnen til å bli med i Nei til EU.

Me står føre eit generasjonsskifte. Det har vore heilt nødvendig å verva nye folk til å overta styret i Rogaland Nei til EU, og skaffa desse kunnskapar, erfaring, og kontaktar. **Det har me klart**. No er mange folk i alderen frå tenåra til 40-åra klare til lå overta, engasjerte aktivistar, med planar for å reisa land og strand rundt i fylket for å skaffe lokale kontaktar (og forhåpentlegvis lokallag) så mange stader som mulig. I dag er ikkje Rogaland Nei til EU avhengig av oss som har vore aktive «i alle år». Men me har hatt utgifter — til studiesirkel, til deltaking på konferansar både lokalt og sentralt. Nødvendige og nyttige investeringar, men me kan ikkje betala for like mange på slike konferansar kvart år.

Me markerte «Folkets NEI 50 år». Med politiske erafringar og feiring. Men ikkje gratis.

Me har prioritert kampen mot straumpriskrisa, for makspris, for å ta tilbake makta frå EØS og ACER. Me i Rogaland Nei til EU har vore dei fyrste til å finansiera arbeidet som Nei til EU har drive i lag med Industriaksjonen. Til no har arbeidet blant anna ført til ei innstilling frå Alternativ energikommisjon, debatt i programmet «Debatten» i NRK TV, og ei rettssak som snart skal opp i Høgsterett. Me har løyvd kr 50 000 kvart år. Ved at me har gått i bresjen, har me trekt mange andre med. Me meiner det er viktig at dette arbeidet ikkje blir drive mindre aktivt i 2023. Me ønsker derfor å løyva kr 50 000 også i år, trass i kjempeunderskotet me fekk i året som gjekk. Innsparingane må tas på andre måtar.

Me har gjort alvorlege tabbar, men har lært, og vil føra langt strammare kontroll med koss pengane blir brukt. Pengane som gjekk ut av beredskapskontoen, skal betalast tilbake.